



KONTROLLUTVALET I KLEPP

PROTOKOLL

Utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtenr.: 1-13	Møtedato: 21. februar 2013	Utvalgssaksnr.: 1/13 - 8/13
Innkalt: Arild Børge Skjæveland Ove Horpestad Sigrid Lærdal Reidar B. Thu Siri Øksnevad Olsen	Forfall: Ingen		
Andre: Daglig leder Wencke S. Olsen, Rogaland Kontrollutvalgssekretariat Aslak Svindland, Deloitte AS Eirik Braut, Deloitte AS			

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

1/13 Godkjenning av protokoll frå møte 29.11.2012

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokoll frå møte den 29. november 2012.

2/13 Rapport fra selskapskontroll i Interkommunalt Arkiv IKS (IKA)

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

1. Kommunestyret i Klepp tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS til etterretning.
2. Rapporten vert send over til eigarkommunane og selskapet. Selskapet vert bedd om å ta stilling til rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane som gjeld selskapet i løpet av hausten 2013.

3/13 **Revisjonsrapport frå interimrevisjonen m/tilsvar**

Sigrid Lærdal stilte spørsmål ved sin habilitet pga si stilling som revisor i Skatteetaten. Kontrollutvalet meiner samrøystes at ho ikkje er inhabil i dette tilfellet.

Eirik Braut, Deloitte AS; orienterte og svarte på spørsmål knytt til interrimrevisjonen.

Sigrid Lærdal sette fram følgjande tilleggspunkt til forslag til vedtak: Kontrollutvalet ber revisor koma med ei vurdering av framlagt dokumentasjon i samband med revisjonsrapporten.

Sigrid Lærdal sitt tilleggsforslag fekk 2 røyster (Sigrid Lærdal og Reidar B. Thu) og falt.

Forslag til vedtak vart vedtatt med 3 mot 2 stemmer.

VEDTAK:

- Kontrollutvalet i Klepp tar den framlagde revisjonsrapporten frå internrevisjonen 2012 til etterretning.
- Kontrollutvalet ber om å få oversend retningsliner for denne type reiser når desse er ferdig utarbeidde frå administrasjonen si side.

4/13 **Utkast til prosjektmandat; Personalforvaltning og vikarbruk innafor helse og sosial**

Aslak Svindland, Deloitte AS, orienterte om utkastet til prosjektmandat.

Reidar B. Thu sette fram følgjande tillegg til formålet med prosjektet,:

”og sjå på om omsorgsavdelinga vert organisert/driven på ein måte som gir maksimal utnytting av tildelte budsjettmidlar.”

Samla føremål med prosjektet blir då

....å undersøka om kommunen etterlever lovkrav og andre sentrale føringar kytt til personalforvaltning, regulering av arbeidstid og vikarbruk innafor omsorgstenesta – og sjå på om omsorgsavdelinga vert organisert/driven på ein måte som gir maksimal utnytting av tildelte budsjettmidlar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med det føreslåtte tillegget.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Personalforvaltning og vikarbruk i omsorgsavdelinga” i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre, med følgjande tillegg til foreslått problemstilling:

”..... og sjå på om omsorgsavdelinga vert organisert/driven på ein måte som gir maksimal utnytting av tildelte budsjettmidlar.”

5/13 Forlenging av avtale om kjøp av revisjonstenester - bruk av opsjon

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

- Kommunestyret i Klepp går inn for å forlenge avtalen om kjøp av revisjonstenester frå Deloitte AS ut siste del av opsjonsperioden, som går fram til 30.04.2014
- Kontrollutvalets sekretariat bes om å innhente tilbud på revisjonstenester gjeldande frå 1. mai 2014.

6/13 Kontrollutvalets årsmelding for 2012

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

- Kontrollutvalet i Klepp vedtar kontrollutvalets årsmelding for 2012.
- Årsmeldinga vert oversend kommunestyret i Klepp til orientering.

7/13 Årsrekneskap 2012 - kontrollutvalet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar den framlagde rekneskapen for budsjettområde for kontroll og tilsyn for 2012 til orientering.

8/13 Statusoversikt pr. februar 2013

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikten pr. februar 2013 til orientering.

Underskrifter:

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen er i samsvar med det som vart vedtatt på møtet.

Leder av kontrollutvalet

Nestleiar av kontrollutvalet